

Rolvsvåg friluftsområde

Friluftsområder i Samnanger

Samnanger kommune har mange landskapstyper, frå fjord til høgfjell, og med lier dominert av furuskog og lauvskog. Mellom dei store fjella er det trange vassførande dalar og juv. Kommunen har store skog og fjellområder med merka turstier, mange kulturminne og gode muligheter for jakt og fiske. I kommunen er det eige langrennsanlegg og skisenter. Friluftsrådet forvaltar friluftsområda Rolvsvåg og Flesjane i tilknytning til Samnangerfjorden.

Allemannsrettane

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark – etter elvane, på innsjøar og i skjærgården – og til fjells uavhengig av kven som eig grunnen.

Allemannsretten gjeld i utmark og inneber at du også har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukke grunder etter deg og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen i tida 1.1 - 20.8 og når det er sau på beite. Ver varsam med eld – hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 – 15.9.

Med telt kan du fritt overnatte same stad i utmark og på Friluftsrådets områder, inntil 2 døgn i låglandet, utan å spørje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setje opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydde når du dreg.

Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage - og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.

Badevika i Rolvsvåg friluftsområde.
Foto: Oddmund Dingen



Ordensreglar


- ✓ Dersom du lagar bål i strandkanten ikkje legg bålplassen rett på svaberg slik at berget sprekk opp. Bruk tilrettelagte bålplassar.
- ✓ Tenn ikkje eingongsgriller på brygger eller anna underlag som er brennbart.
- ✓ Slukk eningongsgrillane forsvarleg etter bruk og sett dei ved søppel-stativet.
- ✓ Vær vennleg å la livbøyene hengje i fred, slik at dei er i god stand om det vert ei nødsituasjon.

Skjærgårdstenesta

Skjærgårdstenesta er eit samarbeid mellom kommuner, fylkeskommuner, statlege styresmakter og friluftsråda i Hordaland og Rogaland. Samarbeidet omfattar skjøtsel og drift av friluftsområder i Vestkystparken, langs kysten frå Austrheim i Nord til Egersund i Sør.


Skjærgårdstenesta har ei rekkje oppgåver som til dømes:

- ✓ Renovasjon
- ✓ Tilsyn og drift av toalett
- ✓ Skjøtsel av vegetasjon
- ✓ Ettersyn og vedlikehald av friluftsområda
- ✓ Informasjon og holdningsskapande arbeid



Andre Friluftsområder i Bergensregionen

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) driv dei fleste bade og friluftsområda i Bergensregionen. I Samnanger kommune er BOF ansvarleg for to større tur og badeområde i tilknytning til Samnangerfjorden.



Bergen og Omland Friluftsråd

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan som driv nærare 170 friluftsområder i Bergen og omlandskommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Fjell, Fusa, Lindås, Meland, Os, Tysnes, Samnanger, Sund, Radøy og Øygarden.

Er du interessert i å vite meir kan du kontakte:

Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45, 5039 Bergen

Tlf. 55 39 29 50

Faks. 55 39 29 59

E-post: Firmapost@bof.no

Nettsider: www.bof.no